Norge. Om vi tidligere har vært redd for gjengroing rundt oss, vil de enorme strukturomleggingene

duksjonen er opprettholdt med langt færre gårder allerede. På de moderne brukene får man en klar

Vi som representerer Møre og Romsdal og Hedmark er bekymret for en strukturering der våre mid-

*stortingsrepr. (Ap) Hedmark*

hvem det er som er landbrukets og forbrukernes venner. Det blir ingen stor overraskelse hvis Senterpartiet står igjen alene på barrikadene. Og mens været blir stadig mer uforutsigbart og internasjonale kriser kommer stadig nærmere vår egen stuedør, blir det innterresant å se hvem av våre politikere som ønsker å spille poker med befolkningens matvaresikkerhet. Men nå skal jo poker bli legalisert, så hva mer kan en vente.

***Ole Rud, Gaupen***
*Styremedl. Hedmark Sp*

# Høyre gjør noe!

**Jeg har i flere år oppfordret folk til å bruke sin demokratiske rett ved valg av parti i debatten om rovdyrspørsmål.**

Særlig aktiv var jeg foran siste stortingsvalg, der vi hadde en mulighet ved å få så mange som mulig til skygge unna SV som hadde styrt Miljødepartementet som en mare. Så ble vi kvitt dem!

Selv om jeg som gammel Sosialdemokrat måtte se at Ap gikk fra borde, var det ønskelig. Nå har Høyre kommet på banen, de vektlegger felling i et leserinnlegg I GD tirsdag, som jeg takker for. Høyre har holdt løftene fra valgkampen. Innlegget er signert av Olemic Thommessen, stortingspresident, Svein Håvar Korshavn, fylkesleder, og Hanne Alstrup Velure, medlem av sentral sentralstyre. De leser nok GD daglig, særlig stortingspresidenten som er styremedlem i GD.

Ifølge forsker Petter Wabakken kan vi vente cirka 100 ulver innover landet, så fellingen må fortsette. Få i gang alle pensjonister som er jegere, og som har klart skyteprøva. Sett opp et honorar for hver skutte ulv, slik at de kan skjøte på pensjonen.

Nå skjønner nok Ap også at Bygde-Norge må velge Høyere, hvis de skal ha en rovdyrpolitikk som gir levekår. Men det er vel noen som vil vente litt for å sjå hvordan jordbruksoppgjøret ender før de roper ut sin hyllest?

***Arne H. Bakkestuen,***
*Gausdal*

# Kina og nynorsken

**Kva har Kina og nynorsken felles? Tja, det er vel i utgangspunktet ikkje så mykje. Så korfor vel eg likevel ei slik overskrift?**

Ein kunne jo alltids ha skrive om talespråk og skriftspråk i Kina versus Noreg, men det gjorde eg allereie i Språkåret 2013. Det er for så vidt spennande nok i seg sjølv. Men korfor tenkjer eg på Kina og nynorsken i dag, 6. mai 2014?

6. mai 2014 er ein ny merkedag, ein festdag, i norsk språkhistorie og språkpolitikk. 12. mai 1885 stemde Stortinget med 78 mot 31 stemmer for at «det norske Folkesprog», les: Ivar Aasens landsmål, skulle sidestillast med »vort almindelige Skrift- og Bogsprog», som den gongen var det danske skriftspråket. Dette var starten på utviklinga av dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål.

No i 2014, 129 år etter det historiske jamstillingsvedtaket - og i samband med grunnlovsjubileet, stemde Stortinget med 168 stemmer mot 1 stemme for at Grunnlova skulle komme på begge målformene. Her er det ikkje snakk om berre eit fleirtal; det var alle utanom éin representant som gjorde eit nytt historisk vedtak og stemde for likestilling og demokrati. Det skulle jo elles berre mangle når Stortinget tidlegare hadde vedteke at ein skulle ha to jamstilte skriftspråk i Noreg.

Men det er faktisk ikkje så lenge sidan svært mange politikarar ikkje ville høyre snakk om noka grunnlov på nynorsk. Det er nok heller ikkje å ta for hardt i å påstå at dei fleste politikarane nok bryr seg «litt mindre» om nynorsk som målform. «Nynorskingar», dvs. veljarar og stemmer, er derimot ein viktig faktor i politikken. Det var ein faktor som ein tydelegvis ikkje kunne sjå bort frå. Ein må derfor rekne med at mange stortingsrepresentantar først og fremst stemde «politisk korrekt» i denne saka.

Det er då eg tenkjer på Kina - og Dalai Lama. Dagen før Dalai Lamas besøk i Noreg stemmer altså politikarane «politisk korrekt», og det er rimeleg å gå ut ifrå at mange stemde mot si eiga overtyding, dvs. at ein del av dei kanskje helst såg at nynorsken mista statusen som offisielt skriftspråk. Når det gjeld Dalai Lama, finst det derimot også berre eitt politisk korrekt val. Landet som tildelte fredsprisen til Dalai Lama, burde jo sjølvsagt ta imot den same mannen når som helst og kvar som helst med den respekten og æra han fortener - det gjeld for så vidt alle offisielle gjester. Men den gongen ei.

Her er det altså politikarar som vel å høyre på Kina i staden for å vere politisk korrekte - eller i det minste høflege og vise vanleg folkeskikk. Men det er dei same mekanismane som rår. Kinesarane er for mange og for viktige for den norske staten. Det er då eg føler ei skar i gleda på denne dagen som jo er ein delsiger for nynorskens eksistens. Vi «nynorskingar» er tydelegvis ein maktfaktor på same måte som kinesarane, og eg veit ikkje om eg trivst med dette perspektivet. Arbeidet framover vil måtte bestå i å vise at politikarane valde rett når det gjaldt å gje etter for kravet om Grunnlova på begge målformene.

Og politikarane må forstå at dei av same grunn heilt offisielt burde ha teke imot Dalai Lama. Det handlar om likeverd, likestilling og demokrati i Noreg som i verda. Dette er ikkje berre politisk korrekt - det burde vere heilt sjølvsagt i alle samanhengar.

***Jens Haugan,***
*1.amanuensisi i norsk,*
*Høgskolen i Hamar*

# Eidsvoll 1814

*Bokstavane i loven*
*meir enn lovens bokstav*
*frå einevalds kongar*
*til spegling av folkehav.*

*Fyrsteleg arv, den eine*
*kunne skalte og valte*
*stemmene frå djupet*
*ingen som talte.*

*Den med embete*
*hadde og all forstand*
*utpeikt frå det høge*
*forpakte sitt land.*

*Ny treeining i emning*
*lovgjevaren, utøvaren og domaren*
*balanse ut i frå stemning*
*veks sakte fram,*
*i eidsvollssommaren.*

*Skapte nasjonal samling*
*tufta på lynne, skikk og vane*
*eit wergelandskt frie sinn*
*gav adelen grunnskot og bane.*

*Arbeidets adel i staden*
*etterkvart spegla i stortingssalar*
*sølvskatten måtte til*
*fotfeste for ein spesidalar.*

*Mynta på eit folk*
*av edelt metall*
*det å ha eigen verdi*
*i både ord og tal.*

***Hans Sandviken,***
*Vinstra*